

# Økologisk frukt

Rådgjevingsmelding nr. 1 2023



Norsk  
Landbruksrådgiving

## Marknad

Oppsummeringa frå fruktagerinspektøren Leif Øie påpeikar det same som tidlegare år, omsetjing av økologisk vare er utfordrande gjennom detaljhandelen. Det kan hende ein bør tenke alternative omsetjingskanalar som gardsbutikk, vidareforedling eller torghandel.

### Økofrukt 2022:

Viss ein ser bort frå sesongen 2020, som var eit uår spesielt på Vestlandet, har vi store utfordringar med å selja øko-produkta som øko. Sjå tala i parantesen som viser kor mykje som er seld som øko.

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Plomme	11	12	31	18	31	44	40(9)	112(11,5)	4	93(24)	*13(6)
Eple	67	108	118	60	95	85	79	86	22	65(47)	**23(7)

\*Det vart produsert 13 tonn med Øko-plommer, og 6 tonn vart selde som det.

\*\*Det vart produsert 23 tonn med Øko-eple, og 7 tonn vart selde som det.

## Utvikling

Det er framleis i vinterkvile på austlandet, medan det går noko raskare på vestlandet og det kan gå fortare utviklingsmessig om det blir varmare framover.



*'Fryd' på austlandet denne veka og trea er fremdeles i vinterkvile.*



*'Fryd' i økologisk forsøksfelt i Nederland denne veka. Sorten er der på musøyret. Ugraset skulle vore handtert, men det er for blautt i jorda til traktorkøyring.*

## Overvintring

Det kan sjå ut til at det har vore greie overvintringsforhold. Mange områder på austlandet har hatt snødekkje gjennom vinteren som er ei god sikring av røtene på trea.



## Gjødsling

Når snøen og telen er borte kan ein tenkje på gjødsling i felta. Det er då mest aktuelt med bakkegjødsling med pelletert vare som t.d. Marihøne gjødsel/Grønn gjødsel. Dei fleste gjødselslag bør innarbeidast i jorda om det er mogeleg. Har ein mypex eller anna dekkemateriale må gjødsla spreiaast oppå dekket. Ikkje legg gjødsla i dungar langs trea som vil medføre at gjødsla løyser seg sakte opp for å bli plantetilgjengeleg. Spreie gjødsla ein halvmeter på kvar side av trea enten med centrifugalspreiar eller for hand.

## Ugras

Det er viktig å starte tidleg med ugrasreinhaldet. Etter vinteren har ofte jorda sørke litt saman, samt at brysamt ugras treng å bli rista laust. Ved fresing i etterkant av gjødslingsprodukt med proteinmjøl vil ein få gjort to ting samtidig. Planlegg å få frest kvar tredje veke fram til blomstring.

## Ferdigstilling av skjearbeidet med etterfølgjande Nordox 75 WG sprøyting

Når skjeringa er ferdig bør ein ta ein runde med Nordox 75 WG som førebyggjande skurv-bekjemping og mose/lav på trea. Bruk 100 g/daa Nordox 75 WG om ein vil køyre to gonger, elles kan ein doble dosen. Totalt skal det ikkje vere brukt over 400 g/daa Nordox 75 WG på feltet i løpet av ein sesong. Vær merksam på avstandskravet til vatn som er 30 m for Nordox 75 WG. Avstanden til vatn kan halverast om ein har sprøyteutstyr som er betre tilpassa t.d. med bruk av tårnsprøyte. Undersøk med Mattilsynet om ein er i tvil.

# Kjernefrukt

## Ebleskurv

Ebleskurv overvintrar på gamalt lauv frå året før. Vart skurvkampen i fjar for dårlig kan ein ha fått greinskurv også, nære er særleg utsett for dette. Har ein mykje lauv med ebleskurusmitte skal ein vere tidleg ute og gjere godt arbeid i forhold til skurbekjemping denne sesongen.

Ved stort smittepress i hagen bør ein reagere på mindre skurvvarsel enn om ein hadde lite ebleskurv på bladverket i 2022.

## Tolking RIMpro

RIMpro er eit kombinert varslings- og simuleringsprogram for m.a. ebleskurv. Følg med på [Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](http://Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb (vips-landbruk.no)).

## Gode tiltak mot ebleskurv

- Robuste sortar mot ebleskurv. Unngå sortar som er skurvsvake i plantingane.
- Vf-resistente sortar som 'Santana', 'Eden' og 'Fryd' blir lett skurkjenslege i produksjonsfelt. Stell slike sortar som sterke skurvsortar. Har resistensen blitt broten skal sorten bli behandla som middels skurvsvak.
- Redusere smittepress ved fjerning av lauv no på våren.
- Knusing av smitta bladverk, spesielt viktig å få bort det som landar under trea.

## Titak mot ebleskurv:

- ✓ Nordox 75 WG; 75-100 g/daa. Unngå bruk etter musøyre pga sviskade. Innblanding med Thiovit Jet kan med fordel gjerast med redusert dose til 15 g/daa.
- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa. Bland inn 15 g/daa Nordox 75 WG fram til tett klyngje.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil variere med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timer.

## **Insekt og midd**

Fibro eller olje/såpe-blanding før knoppbryting er eit godt tiltak mot overvintrande egg. Tidspunktet er når eggja tek til å klekkje og eggja treng luft. Olja legg seg som ein film utpå eggja og kveler dei. Bladluseggja klekkjer før fruktremidd, så det kan hende to rundar er det optimale. Bruk då Fibro i den eine sprøytinga og olje/såpe i den andre.

## **Gallmidd**

Fekk ein mykje brune blad i fjar grunna gallmidd, kan det bekjempast no tidleg på våren. Gallmidden overvintrar i knoppskjell og vil vandre over i bladverket når det blir varmare i våret. Om gallmidd er eit problem kan dei bekjempast med Thiovit Jet. Bruk 300 g/daa.

## **Steinfrukt**

Det er lite økologisk steinfrukt på austlandet, men det er ein del plantingar på vestlandet. Tiltaka no på våren er omrent som for kjernefrukt, med unntak av epleskurv som ikkje angrip steinfruktene. Vestlandet er plaga med plommepung og tidleg sprøyting med Nordox 75 WG kan redusere dette problemet – ved problem i tidlegare år bør det nok sprøytast to gonger, der første runde burde vore gjort på stadiet tidleg svellande knopp.